

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2017-0005	<b>Søknadsår</b>	2017	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Kommunalt næringsfond			
<b>Prosjektnavn</b>	Satsing på fjell-landbruket i Lillehammer-regionen (2017-2019)			

### Kort beskrivelse

Landbruket i regionen skal medverke til auka norsk matproduksjon. Vekstpotensiale er størst innan mjølk- og kjøttproduksjon med basis i grovfôr. Ca 20% av den dyrka jorda i Gausdal og Øyer ligg over 750 moh. Mykje av fjelljorda har eit stort avlingspotensiale som er unytta med dagens drift. NLR Innlandet ynskjer å motivere bøndene for god agronomisk praksis og dermed større avlingar på fjellareala. Det vil hindre at areala går ut av aktiv drift og sikrar grunnlaget for næringsinntekta på garden.

### Prosjektbeskrivelse

Kommunedelplan landbruk i Lillehammer-regionen (2014-2025) har ei målsetting om at næringa i regionen skal medverke til å nå målet om auke for norsk landbruksproduksjon med minst 20% innan 2030. Planen viser bl.a. til at høgtliggande eng i fjellet representerer ein stor ressurs for grovfôrbaserte næringar. Ca 20% (16 000 da) av den dyrka jorda i Gausdal og Øyer ligg meir enn 750 moh. Seterdrift og dyrking i fjellet har lange tradisjonar i regionen.

NLR Innlandet ynskjer å stimulere bøndene til auka produksjon på dyrkajord i fjellet gjennom kunnskapsformidling, motivering og betre forståing av grunnlaget for å utføre rette tiltak. Det er viktig å synleggjere faktorar som den einskilde gardbrukar kan nytte ved vurdering av om fôrproduksjon i fjellet er økonomisk rett med dei forutsetningane drifta har til rådvelde.

Samla kostnader for prosjektperioden er kr 365 000.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Norsk Landbruksrådgiving Innlandet Org.nr:960 476 573	Høyvangvegen 40, Blæstad 2322 RIDABU	-
<b>Kontakt- person</b>	Randi Jarstad	-	+47 913 19 457
<b>Prosjekt- leder</b>	Randi Jarstad	-	+47 913 19 457

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Prosjekt i 2013 "Betre handtering og bruk av talle i Sør-Gudbrandsdalregionen". NLR Innlandet (tidl. NLR Oppland) fekk innvilga kr 20 000 frå Næringsfondet i Øyer og kr 35 000 frå Næringsfondet i Gausdal. Tilskot vart utbetalt i 2014 etter gjennomført prosjekt.

Prosjekt 2014/2015/2016: Kurs om grøfting, profilering, grøftespyling Samarb.tiltak NLR Gudbrandsdalen og NLR Oppland. Innvilga 30 000 frå Klima- og miljøprogrammet Fylkesmannen.

Møteserie om jordstruktur, vekstskifte og ugrasbekjemping. Innvilga BU-midlar frå Fylkesmannen kr 37 000.

Prosjekt 2014/2015: Mosjonskrav og beiting med mjølkeku. Innvilga kr 25 000 frå Klima og miljøprogrammet, landbruksavd. hos Fylkesmannen.

Prosjekt 2015: Markdag om miljøvenleg bruk av husdyrgjødsel. Markdag om jord og jordstruktur. Innvilga kr 23 500 totalt. Klima og miljøprogrammet 2015, Landbruksavd. hos Fylkesmannen.

Prosjekt 2015/2016: Betre fôrproduksjon på høgereliggende engarealer. innvilga kr 115 000 frå regionrådet, kr 260 000 frå Fjellandbruksatsinga, Fylkesmannen.

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

Kommunedelplan landbruk i Lillehammer-regionen (2014-2025) har ei målsetting om at næringa i regionen skal medverke til å nå målet om auke for norsk landbruksproduksjon med minst 20% innan 2030. Planen viser bl.a. til at høgtliggende eng i fjellet representerer ein stor ressurs for grovfôrbaserte næringar. Ca 20% (16 000 da) av den dyrka jorda i Gausdal og Øyer ligg meir enn 750 moh. Seterdrift og dyrking i fjellet har lange tradisjonar i regionen, og på 70 og 80-talet fekk nydyrking ein stor oppsving på mykje areal i Øyerfjellet og i Gausdal Vestfjell. Store deler av dyrkingsareala var myr som trengte drenering. I dag ser vi at manglande vedlikehald og fornying av dreneringssystema i tillegg til generell ekstensiv drift, gjer at fleire står i fare for å misse produksjonstilskot for dyrka jord.

Grovfôrbasert produksjon står for mellom 85 - 90% av verdiskapinga i jordbruket i regionen (SLF produksjonstilskot 2012 og NLF notat 2012/1). Verdien av ein høg volumproduksjon av mjølk og kjøtt syner seg også i sysselsetting og verdiskaping innan foredlingsbedrifter, lokal småskalaproduksjon og servicenæringar som turisme og reiseliv.

I kommunedelplanen vert det understreka at jordbruket har best forutsetningar for vekst innan husdyrhald for mjølk- og kjøttproduksjon med grovfôr som basis. Større innsats for å auke avlingane i fjellet, vil vere god ressursforvaltning av naturgrunnlaget og gjer det meir lønsamt å drive slike areal. Å oppretthalde jordbruksareala er ein garanti for å drive matproduksjon.

Bruken av leigejord har hatt auka omfang dei seinare åra bl.a. fordi det har kome til fleire driftseiningar med utvida produksjon som krev meir grovfôrareal for å dekkje fôrbehovet og spreieareal for husdyrgjødsel. Mange av desse har jord som ligg spreidd over store geografiske områder som medfører høge transportkostnader. Konsekvensane for slik leigejord viser seg ofte i svakare drift, samstundes som vi ser ei utvikling der veileigna kornjord taper terreng til fordel for grasproduksjon. Dette står i sterk kontrast til nasjonale mål om å auke norskprodusert korn for å redusere importen av utanlandske råvarer til kraftfôrproduksjonen.

Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen og NLR Innlandet (Norsk Landbruksrådgiving Innlandet) har gjennomført fjellregionprosjektet "Bedre fôrproduksjon på høgereliggende engarealer, 2015-2016" i Øyer og Gausdal med utgangspunkt i strategien for Satsing på fjellandbruket 2014-2016. I prosjektet var fokus retta mot kompetanseheving på produksjon- og driftsida for fôr dyrking i fjellet. På bakgrunn av interessa for dette fagfeltet og ein svært kort prosjektperiode, håper vi at eit visst aktivitetsnivå framover med kunnskapsformidling på dette området, kan styrkje interessa for betre utnytting av grasareal i fjellet.

I eit avslutta samarbeidsprosjekt om fjellandbruk mellom Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen og NLR Innlandet vart det lagt ut to demo/forsøksfelt i Øyerfjellet og Gausdal Vestfjell. Arbeidsperioden for det avslutta prosjektet, 1,5 år, inneber at vi har feltresultat frå kun ein vekstsesong. Dette er svært kort tid for å kunne dokumentere og ikkje minst syne sikker effekt av jordforbetringstiltak. Vi meiner felte bør vidareførast i to - tre år etter attleggsåret for å ha tilfredsstillande grunnlag til å vurdere resultat av ulike innsatsfaktorar. Engalderen i fjellet er generelt høgare enn på jord i bygda, så det er verdifullt å ha dokumentasjon på utviklinga over fleire år. Dyrkingskunnskap og konkrete resultat for avlingar og kvalitet i felt, vil gje den enkelte eit betre grunnlag for vurdering rundt spørsmål om framtidig drift av fjellareal.

### **Prosjekt mål**

Målet for prosjektet er å motivere gardbrukarane for god agronomisk praksis som kan auke grasavlingane på jord i fjellet. Potensialet for avlingsauke på slike areal er stort og dette vil vere eit viktig grunnlag for at jordbruket i regionen kan ta del i auka produksjon av mjølk og kjøt med opphav i lokale ressursar. Eit produksjonsgrunnlag med jord i god hevd, sikrar framtida for mange gardsbruk.

NLR Innlandet ynskjer å fortsette engasjementet rundt fôr dyrking i fjellet på grunnlag av den gode oppslutnaden som viste seg i det førre prosjektet. Aktivitetane på fagområdet nådde ei stor gruppe aktive bønder og av desse er det særst positivt at det er fleire yngre som viser stor interesse for å drive fjellareala betre. Aktivitetar som tilfører produsentmiljøet fagleg kompetanse og sosialt fellesskap, er gode læringsarenaer som også opnar for diskusjonar og utveksling av erfaringar.

Med ei vidareføring av etablerte forsøksfelt vil vi kunne bruke desse for å synleggjere resultat av ulike tiltak som kan gje gardbrukarane inspirasjon til betre grovfôr dyrking på eige areal.

Auka produksjon vil også sikre råvaretilgang av landbruksprodukt til foredlingsbedrifter som sikrar sysselsetting, kan vere grunnlag for småskala-/lokalmatproduksjon og eit aktivt reiseliv som fokuserer på oppleving, kultur og natur vil dra vekslar på at jordbruket held oppe ein stor og berekraftig produksjonsaktivitet.

### **Forankring**

Kommunedelplan landbruk i Lillehammer-regionen (2014-2025) har ei målsetting om at næringa i regionen skal medverke til å nå målet om auke for norsk landbruksproduksjon med minst 20% innan 2030. Grovfôrbasert produksjon står for mellom 85 - 90% av verdiskapinga i jordbruket i regionen (SLF produksjonstilskot 2012 og NLF notat 2012/1). Verdien av ein høg volumproduksjon av mjølk og kjøt syner seg også i sysselsetting og verdiskaping innan foredlingsbedrifter, lokal småskalaproduksjon og servicenæringar som turisme og reiseliv.

Ei offentlig satsing på større verdiskaping i fjellandbruket 2014-2016, vart vedteke i jordbruksavtalen 2013. I Oppland er 17 kommunar definert som å tilhøyre satsinga. I Sør-Gudbrandsdal gjeld det Øyer og Gausdal.

Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen og NLR Innlandet (Norsk Landbruksrådgiving Innlandet) gjennomførte fjellregionprosjektet "Bedre fôrproduksjon på høgereliggende engarealer, 2015-2016" i Øyer og Gausdal med utgangspunkt satsinga på fjellandbruket. Fokus var retta mot kompetanseheving på produksjon- og driftsida for fôr dyrking i fjellet. På bakgrunn av interessa for dette fagfeltet blant gardbrukarane og ein svært kort prosjektperiode, ynskjer vi ei vidareføring. Vi meiner vi kan få auka effekt av tiltaka med ei vidare drift av forsøksfelt i tre år til og fleire markdagar/fagmøte.

### **Prosjektorganisering**

Prosjektet er eigd av NLR Innlandet.

Prosjektleiar er Randi Jarstad, rådgjevar ved Lillehammerkontoret. Ho har mange års erfaring med rådgjeving innan fagfeltet grovfôr i Sør-Gudbrandsdals-regionen.

Rune Granås, fagleiar grovfôr NLR Innlandet, Tynsetkontoret er leiar i styringsgruppa.

Odd Helge Nysveen, rådgjevar ved Valdreskontoret er samarbeidspartnar.

NLR Innlandet har eit stort kontaktnett innan jordbruket i regionen og det aktuelle prosjektet ligg innanfor vårt fagområde.

### **Samarbeidspartnere**

Samarbeidpartar i prosjektet er

Fylkesmannen i Oppland, Landbruksavd. Finansiering over 3 år kr 153 500

Næringsfondet i Gausdal kommune. Finansiering over 3 år kr 60 000

Næringsfondet i Øyer kommune. Finansiering over 3 år kr 60 000

NLR Innlandet. Finansiering over 3 år kr 91 500

Odd Helge Nysveen, rådgjevar ved Valdreskontoret er samarbeidspartnar fordi ha har arbeida mykje med fjelljord-problematikk og driv no eit prosjekt med forenkla attleggmetodar i eng. Slike metodar er aktuelt for mykje av jorda i fjellet der det er myrjord eller mykje stein i jorda.

### **Aktivitetar**

Prosjektet vil i hovudsak verte gjennomført med følgjande aktivitetar:

1. Markdagar med besøk på forsøksfelt, reiskap-/maskindemonstrasjonar, besøk på fjellareal som viser resultat av gode agronomiske tiltak/fagmøter.
2. Vidareføre dei to forsøksfelt i fjellet med nødvendig arbeidsinnsats for å sikre god kvalitet bak resultat.
3. Årleg publisering av feltresultat og årsrapport for prosjektet.

## **Målgrupper**

Bønder i Lillehammer-regionen med jordbruksareal i fjellet.

Overføringsverdi til andre regionar med mykje fjelljord, m.a. Valdres.

## **Resultat**

1. Dreneringsløysingar, særleg på myrjord. Dei gamle dreneringssystema fungerer dårleg i dag og det er stort behov for fornying. Dei største utfordringane er kostnadssida.

2. Bruk av husdyrgjødsel. I utgangspunktet vil dei fleste få lange transportavstandar. Sjå på løysingar der faste kostnader kan delast på fleire. Eksempel: felles gjødsellager eller bruk av mobil konteiner, spreiring med tankvogn eller med slepeslange.

3. - Haustetid med utgangspunkt i fôrbehov og kvalitet. Vurdering av konsekvensar av lenger vekstsesong, kombinasjonen tidleg slått + haustbeite kan vere aktuelt for ein del areal.

## **Effekter**

Større kunnskap på produksjon- og driftsida vil styrkje avgjerdsgrunnlaget for vidare satsing fôrproduksjon i fjellet. Det er vanskeleg å måle effektane av innsatsen i prosjektet på kort sikt. På lengre sikt er det råd å sjå om det vert nedgang i fjellareal som går ut av drift, evt. betre drift på areal som framleis er i produksjon.

Attraktive kulturlandskap vil også vere ein gevinst der det framleis er aktiv drift med slått og dyr på beite.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Framdriftsplan

01.05- 01.10 2017 Div. feltarbeid (gjødsling, oppmåling, registrering, høsting, prøvetaking mm.)  
Markdag med reiskapsdemo, fagforedrag og besøk på demofelt/eventuelt fagmøte.

31.12 2017 Årsrapport prosjekt. Oppsummering resultat av forsøksfelt.

01.05- 01.10 2018 Div. feltarbeid (gjødsling, oppmåling, registrering, høsting, prøvetaking mm.)  
Markdag med reiskapsdemo og fagforedrag. Besøk på fjellareal som vert godt drive.

Vinter 2018/19 Fagmøte.

31.12 2018 Årsrapport prosjekt. Oppsummering resultat av forsøksfelt.

01.05- 01.10 2019 Div. feltarbeid (gjødsling, oppmåling, registrering, høsting, prøvetaking mm.)  
Markdag på felt med fagforedrag.

01.11-31.12 2019. Sluttrapport prosjekt. Oppsummering resultat av forsøksfelt.

**Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>SUM</b>
Analysekostnader (jord-/fôrprøver)	20 000	20 000	20 000			60 000
Feltarbeid	45 000	45 000	45 000			135 000
Markdagar, 4 stk	25 000	50 000	25 000			100 000
Prosjektleiing (78 timar à kr 900)	22 500	22 500	25 000			70 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>112 500</b>	<b>137 500</b>	<b>115 000</b>			<b>365 000</b>

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>SUM</b>
Eigeninnsats NLR Innlandet	26 500	39 500	25 500			91 500
Fylkesmannen, BU-midler	46 000	58 000	49 500			153 500
Næringsfond Gausdal kommune	20 000	20 000	20 000			60 000
Næringsfond Øyer kommune	20 000	20 000	20 000			60 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>112 500</b>	<b>137 500</b>	<b>115 000</b>			<b>365 000</b>

**Geografi**

501-Lillehammer, 521-Øyer, 522-Gausdal

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
Prosjektskildring Fjellandbruk2017.pdf	48 295	04.04.2017